

Utfyllande retningsliner for rådet ved Institutt for framandspråk

Lagt fram for instituttrådet 5. februar 2020.

Desse retningslinene utfyller følgjande overordna regelverk:

- UiBs regelsamling pkt. 1.3.2 (Reglar for styringsorgana ved fakulteta og institutta),
- Reglar for styringsorgana ved fakulteta og institutta, utfyllande reglar ved Det humanistiske fakultet (sist endra av fakultetsstyret 29.10.2019)

1. Mandat og oppgåver

Instituttrådet er det øvste representative organet ved Institutt for framandspråk. Instituttrådet skal behandla, gjera vedtak på vegner av instituttet og gje innstilling til fakultetet eller anna overordna organ i saker som gjeld:

- forskings- og forskarutdanningsmelding og andre strategi- og resultatdokument som vert utarbeidde av instituttet
- omstillings- og omorganiseringsplanar
- budsjettframlegg, årsbudsjett, årsrekneskap
- vesentlege endringar i instituttet sitt studietilbod, slik som oppretting eller nedlegging av studieprogram

I andre saker er instituttrådet eit rådgjevande informasjons- og kontaktorgan mellom instituttleiaren, alle tilsette og studentane.

I tillegg til den type saker som instituttrådet skal behandla, kan instituttrådet be om å få framlagt og uttala seg om kva sak som helst så lenge ho ikkje er unnateke behandling i samsvar med lov, føreskrifter, reglement eller sentrale vedtak ved universitetet.

2. Delegering

Instituttrådet har delegert oppfølginga av undervisningssaker slik, med den avgrensinga som går fram av fjerde kulepunkt under *Mandat og oppgåver*:

- Programstyra har ansvaret for å vedta og endra emne- og studieplanar.
- Andre undervisningssaker er delegerte til Utvalet for undervisning og internasjonalisering (UUI)

3. Representasjon

Instituttrådet ved Institutt for framandspråk har elleve medlemar og er sett saman slik:

- Gruppe A, fast tilsette i undervisnings- og forskarstilling, har seks representantar: instituttleiar og fem valde representantar frå dei fast vitskapleg tilsette ved instituttet.
- Gruppe B, mellombels tilsette i undervisnings- og forskarstilling, har ein representant.
- Gruppe C, administrativt tilsette, har ein representant.
- Gruppe D, studentar, har tre representantar.

I tillegg møter administrasjonssjefen som sekretær utan røysterett.

Kvar av gruppene (A, B, C og D) ugjer éin samla valkrins for seg.

Funksjonstida er fire år for representantane frå gruppe A og gruppe C, eitt år for representantane frå gruppe B og gruppe D. Valstyret ved Institutt for framandspråk organiserer vala. Sjå elles [regelverket for gjennomføring av val ved Universitetet i Bergen](#).

4. Saksbehandling og møtepraksis

Møta i instituttrådet er opne. Instituttleiar ved Institutt for framandspråk er leiar av rådet og legg fram sakene. Innkalling skal sendast ut minst tre dagar før møtet. Sakspapir kan ettersendast eller leggjast fram i møtet om nødvendig. Rutinane for saksbehandling, møteleiing, referat m.m. følger dei normalreglane som universitetstyret har fastsett.

Møtet er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemane er til stades og røystar. Ved likt stemmetal, avgjer instituttleiar med dobbeltrøyst.

Desse retningslinene trer i kraft frå og med valet av nye representantar vårsemesteret 2022.

Utfyllande retningsliner for Utvalet for forskning og forskarutdanning (FFU) ved Institutt for framandspråk

Lagt fram for instituttrådet 5. februar 2020.

1. Mandat og oppgåver

Forsknings- og forskarutdanningsutvalet er eit forum for å drøfta spørsmål knytt til forskning og forskarutdanning ved Institutt for framandspråk (IF). Utvalet er eit organ for informasjonsutveksling og drøfting.

Utvalet skal:

- koma med innspel til forsknings- og forskarutdanningsmeldinga frå instituttet.
- bli orientert om forskingstildelingane ved instituttet (støtte til forskingsføremål, publisering, forskingsgrupper o.a.).
- drøfta tema av felles interesser for forskingsgruppene
- ta opp andre spørsmål som gjeld forskinga ved instituttet, t.d. spørsmål om felles forskingssatsingar, profilering av forskinga ved instituttet, publisering, internasjonalisering, forskarutdanning og forskarskular.
- drøfta spørsmål av interesse for stipendiatane og forskarutdanninga ved instituttet

2. Representasjon

Utvalet blir leia av forskingsleiaren ved instituttet, og forskarutdanningskonsulenten er sekretær. Leiaren har røysterett i møtet, sekretæren ikkje.

I tillegg sit desse i FFU:

- to representantar for forskargruppene
- to representantar for språkdisiplinane
- tre representantar for litteratur- og kulturdisiplinane
- ein representant for fagdidaktikkdisiplinane
- to representantar frå gruppe B, av desse minst ein doktorgradsstipendiat

Medlemene av FFU blir peikte ut av instituttleiar.

Funksjonstida medlemene følgjer funksjonstida for medlemene frå gruppe A i instituttrådet, bortsett frå dei to representantane for gruppe B, som sit for eitt år.

3. Saksbehandling og møtepraksis

Møta i FFU er opne. Forskingsleiar ved Institutt for framandspråk er leiar av rådet og legg fram sakene. Innkalling skal sendast ut minst tre dagar før møtet. Sakspapir kan ettersendast eller leggjast fram i møtet om nødvendig. Rutinane for saksbehandling, møteleiing, referat m.m. følgjer dei normalreglane som universitetstyret har fastsett.

Møtet er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemane er til stades og røystar. Ved likt stemmetal, avgjer forskingsleiar med dobbeltrøyst.

Utfyllande retningsliner for programstyra ved Institutt for framandspråk

Lagt fram for instituttrådet 29. januar 2020.

Retningslinene utfyller «Rammer for sammensetning og mandat for programstyrer ved HF», vedtekne av studiestyret ved fakultetet 9. mars 2017.

1. Mandat og oppgåver

Kvart fag ved Institutt for framandspråk har sitt eige programstyre (arabisk, engelsk, fransk, italiensk, japansk, kinesisk, russisk, spansk språk og latinamerikastudium, tysk).

Programstyra har følgjande oppgåver:

- vedta og endra studie- og emneplanar på faget
- utvikla og revidera undervisningstilbodet på faget
- koma med framlegg om ekstern fagfelle (programsensor) for faget, og følgja opp rapportane frå den eksterne fagfellen
- sjå til at undervisninga ved faget vert evaluert og kvalitetssikra i tråd med gjeldande retningsliner ved UiB
- ta initiativ til utvekslingsavtalar og leggja til rette for studentmobilitet på faget
- syta for god informasjonsflyt til fagmiljø, institutt og studentar
- sikra eit godt læringsmiljø for studentane
- følgja opp andre studiesaker på faget

2. Representasjon

Programstyret på eit fag består av alle fast tilsette i minst femti prosent stilling, og av studentrepresentantar. Studentrepresentantane vert utpeikte av instituttleiar, eventuelt kan denne oppgåva delegerast til fagkoordinator, og for eitt år om gongen, og studentane skal utgjera minst 20 prosent av styret.

Alle mellombels tilsette på faget (timelærarar, stipendiatar, sendelektorar, etc.) har møterett, men ikkje røysterett. Det same gjeld for fast tilsette i lågare stillingsprosent enn femti.

Programstyra for dei ulike faga ved instituttet er dermed sett saman slik:

- Arabisk har 2 fast vitenskapleg tilsette og 1 student.
- Engelsk har 14 fast vitenskapleg tilsette og 4 studentar.
- Fransk har 5 fast vitenskapleg tilsette og 2 studentar.
- Italiensk har 2 fast vitenskapleg tilsette og 1 student.

- Japansk har 3 fast vitenskapleg tilsette og 1 student.
- Kinesisk har 3 fast vitenskapleg tilsette og 1 student.
- Russisk har 3 fast vitenskapleg tilsette og 1 student.
- Spansk språk og latinamerikastudium har 8 fast vitenskapleg tilsette og 2 studentar.
- Tysk har 5 fast vitenskapleg tilsette og 2 studentar.

3. Saksbehandling og møtepraksis

Møta i programstyra er opne. Fagkoordinator er leiar for programstyret og kallar inn til og leier møta. Studiekonsulent på faget er sekretær (utan røyserett) og skriv referat. Innkallinga skal sendast ut minst tre dagar før møtet. Sakspapir kan ettersendast eller leggjast fram i møtet om nødvendig. Rutinane for saksbehandling, møteleiing, referat m.m. følgjer dei normalreglane som universitetstyret har fastsett.

Møtet er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemane er til stades og røystar. Ved likt stemmetal, avgjer fagkoordinator med dobbeltrøyst.

Retningslinjer for Undervisnings- og internasjoniseringsutvalet (UUI) ved Institutt for framandspråk

Lagt fram for instituttrådet 5. februar 2020.

1. Mandat og oppgåver

Utvalet for undervisning og internasjonisering (UUI) er eit forum for drøfting og informasjonsutveksling om undervisningsspørsmål inkludert internasjonisering ved Institutt for framandspråk. Instituttrådet har delegert ansvaret for studiesaker til UUI. Utvalet følgjer m.a. opp evaluering og kvalitetssikring av undervisninga, og vedtek studie- og emneplanar for tverrfaglege tilbod.

Det er likevel slik at:

- a) det enkelte programstyret vedtek studie- og emneplanar for sitt fag.
- b) instituttrådet skal godkjenne vesentlege endringar i studietilbodet, slik som oppretting eller nedlegging av studieprogram.

2. Representasjon

Undervisningsleiar ved instituttet leier UUI, og studieleiar er sekretær (utan røysterett) for utvalet. I tillegg møter desse:

- fagkoordinatorane ved instituttet: arabisk (1), engelsk (2), fransk (1), italiensk (1), japansk (1), kinesisk (1), russisk (1), spansk (1), tysk (1) og fagdidaktikk (1). Til saman elleve medlemar.
- alle studiekonsulentane ved instituttet. Til saman fem medlemar.
- til saman fem studentrepresentantar. Dette inkluderer dei tre representantane i instituttrådet, pluss to representantar til.

Valperioden for studentrepresentantane følgjer valperioden for studentrepresentantane i instituttrådet.

3. Saksbehandling og møtepraksis

Møta i UUI er opne. Undervisningsleiar ved Institutt for framandspråk er leiar av rådet og legg fram sakene. Innkalling skal sendast ut minst tre dagar før møtet. Sakspapir kan ettersendast eller leggjast fram i møtet om nødvendig. Studieleiar er sekretær for UUI. Rutinane for saksbehandling, møteleiing, referat m.m. følgjer dei normalreglane som universitetstyret har fastsett.

Møtet er vedtaksført når meir enn halvparten av medlemane er til stades og røystar. Ved likt stemmetal, avgjer undervisningsleiar med dobbeltrøyst.

